



Jnr.1091.14

Gjg

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Att: Hans Inge Gloppen

### Søknad om skjønsmidlar

Arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland har hatt ei drøfting på prioritering av prosjekt som skal prioriterast i søknad om skjønsmidlar.

Arbeidsutvalet har prioritert omdømmebygging/ rekruttering og matkultur.

**Omdømmebygging/rekruttering/kompetanse – søknad om delfinansiering på kr. 75 000,-**

Regionen har behov for fleire innbyggjarar og meir arbeidskraft. Difor er omdømmebygging/ rekruttering eit prioritet arbeid i Strategiplanen til Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Alle har eit omdømme, både stat, bedrifter, organisasjonar, kommunar/regionar. Eit omdømme representerer ikkje nødvendigvis kva me meiner eller hevdar å vera, men er summen av korleis omverda oppfattar oss. Med andre ord er eit omdømme meir avhengig av kva me faktisk er og gjer enn kva me gjennom slagord og symbol ynskjer å vera. Difor er omdømmebygging eit langsiktig arbeid som må forankrast i heile regionen for å lukkast.

I 2014 vil arbeidet med omdømme ha fokus både internt og eksternt i regionen.

#### Mål

Styrkja regionen sitt omdømme som bu- og arbeidsarena.

#### Prioritert arbeid i 2014:

- Finansiering av tiltaka, spesielt via lokalt næringsliv
- Arbeida kontinuerleg for å forankra og gjera arbeidet kjent i regionen
- Drift, oppdatering og vidareutvikling av nettportalen [www.buisunnhordland.no](http://www.buisunnhordland.no), herunder utvikling av responsive sider med fokus på innhald som gjev høg treff hjå google
- Drift og oppdatering av facebook-sida Bu i Sunnhordland samt fokus på auka rekkevidde
- Gjennomføre ulike tiltak i kommunikasjonsstrategien
  - i regionen
  - mot andre målgrupper

- Prioritera kommunikasjonskanalar og ulike arena for å gjere arbeidet kjent
- Synleggjere satsingsområde for framtida med fokus på tiltak, arena og kanalar

### **Rekruttering**

Arbeidslivet i Sunnhordland har heile tida eit behov for å rekruttera rett kompetanse. Innan ein del områder / fag må ein ut av regionen for å rekruttera. Gjennom omdømmeprosjektet må Samarbeidsrådet vera ein pådrivar for å skapa ulike arena for rekruttering og /eller delta i rekrutteringsarbeid saman med naturlege samarbeidspartnarar.

### **Skjønsmidar**

Nettsidene [www.buisunhordland.no](http://www.buisunhordland.no) vart utvikla i 2009. Teknologien for sidene er difor ikkje tilpassa bruk av nettbrett og mobiltelefon. Dette gjer at sidene ikkje kjem rett fram, og at det er vanskelegare å orientera seg. Dette kan føra til at sidene vert oppfatta som utdaterte og at dei ikkje vert nytta i den grad dei hadde blitt om dei var tilpassa brett og mobil.

Me søker gjennom prosjektet å nå ei målgruppe på 25-35 år og dei nyttar i liten grad stasjonære maskinar. Statistisk sett har denne gruppa brukarar auka jamt dei siste åra, og står no for vel 70% av alle brukarane, men me ser at me ikkje når dei på ein tilfredstillande måte ettersom nettstaden ikkje er utforma for dei medier gruppa brukar.

Kostnaden med å leggja om sidene er kalkulert til ca. kr.150 000,- og Samarbeidsrådet for Sunnhordland søker med dette om ei delfinansiering av tiltaket gjennom skjønsmidlar på kr. 75 000,-

### **Mat - Næringsklynge – første steg på vegen! Søknad om delfinansiering på kr. 200 000,-**

I perioden september 2013-februar 2014 gjennomførte Samarbeidsrådet ein forstudie på matkultur i Sunnhordland med følgjande innhald:

- Mobilisera bedriftene i Sunnhordland til å sjå moglegheiter for produktutvikling ved å nytta lokale råvarer
- Formidla kunnskap om lokale råvarer og dei økonomiske og konkurransefortrinn dette kan utgjera for bedriftene
- Formidle kompetanse
- Fremja bruk av lokale råvarer til å styrke konkurranseskynde, nyskaping og utvikling
- Rekruttera ei kritisk masse på minst 20 bedrifter og andre i målgruppa som ynskjer å gå vidare i eit hovudprosjekt

Prosjektet var delfinansiert av skjønsmidlar 2013.

Forstudien har starta ein prosess der produsentar , serveringsstadar, bondelag mf. ser at det er moglegheiter for ei felles satsing på mat i regionen.

Forstudien konkluderer med at det som første steg på vegen vidare må arbeidast for å få etablert ein felles arena, ei næringsklynge, der dei deltagande aktørane sjølv set agenda for kva som er viktig og korleis dei vil gå fram for å skapa innovasjon og utvikling innan mat i Sunnhordland.

I ei slik klyngje deltek ulike aktørar med heilt ulik idear, føresetnadar og ambisjonar og ikkje minst kompetanse.

Det er vilje blant aktørane til å vera med i ei slik næringsklynge.

Kompetanseheving, produktutvikling, erfaringsutveksling, drøfting og samarbeid er sentralt i klyngesamarbeidet.

Erfaringane frå forstudien dannar grunnlaget for vidare arbeid og ein ser at skal ein lukkast treng aktørane at det er noken som ”driftar” klynge og at det er naturleg at Samarbeidsrådet driftar og står som ansvarleg for framdrift og etablering av ei slik klynge.

Gjennom forstudiet har ein og erfart at ambisjonsnivået må leggjast lågare og at klynge startar med ei mindre gruppe, men med ambisjonar om vekst.

Arbeidet må starta med å få på plass forpliktande avtalar med bedriftene som går inn i klynge.. For å få klynge til å fungera og for å rekruttera ny medlemmer må møta vera ofte , og ha både innleiarar og tid til dialog.

Det er ikkje laga prosjektplan med budsjett for prosjektet, berre ein grovkalkyle for gjennomføring av første året. Her ligg kostnaden på mellom 400 000 – 450 000,- kr.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland søker med dette om kr. 200 000,- til delfinansiering av prosjektet.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland var ikkje klar over at det kunne søkjast om skjønsmidlar. Difor har det ikkje vore tid til å utarbeida prosjektplan for prosjekta.

Begge prosjekta er forankra i Samarbeidsrådet sin Handlingsplan for 2014, og er tenkt oppstart seinast juni 2014.04.

Dersom det er spørsmål til søknaden, ta kontakt med underteikna.

Sunnhordland, 24.04.14

Med venleg helsing

  
Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar